



Voss herad

Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø

Framlegg til
Planprogram



Dokumentinformasjon:

Tittel:	Framlegg til planprogram for Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø, Voss herad
Forfattar:	Feste NordØst as
Utgåve/dato:	20.11.2020
Oppdragsgjevar:	Voss herad
Kontaktperson:	Trude Letnes/Arneberg, Voss herad
Arkivreferanse:	40897 – Kulturminneplan Voss herad
Prosjektleiar/kvalitetssikrar:	Anja Ø. Ryen/Helge Bakke/Iselin Ditlevsen Løkken
Framsidebilete:	Finnesloftet, Vossevangen, Klyngetunet Espeland, Hardingfele. Foto: Erik Østlie, Anders Bugge, Riksantikvaren, Ole Bull akademiet.

Innhald

1.	Innleiing.....	3
1.1.	Kulturminne og kulturmiljø	3
1.2.	Bakgrunn for planarbeidet	4
1.3.	Plantype.....	4
2.	Føringar.....	6
2.1.	Nasjonale føringar og lovgrunnlag	6
2.2.	Verdsarv, vestnorske fjordlandskap	7
2.3.	Regionale mål og føringar.....	8
2.4.	Kommunale mål og føringar	8
3.	Formål, Kulturminneplan for Voss	9
4.	Forslag hovedstruktur.....	10
5.	Organisering, medverknad og framdrift	11
5.1.	Medverknad og samarbeid.....	11
5.2.	Organisering av arbeidet	11
5.3.	Framdrift.....	12

1. Innleiing


1.1. Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne er alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, medrekna stader som det knyt seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Naturelement med kulturhistorisk verdi, handverk, tradisjonar og hendingar utgjer saman med byggverk og gjenstandar vårt kollektive minne, og fortel oss om den utviklinga me og området vårt har gått gjennom fram til i dag. Kulturminna representerer både miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdiar, og er ein ressurs både for den einskilde si sjølvforståing og trivsel, samt for samfunns- og næringsutvikling i regionen.

Kulturminne, kulturmiljø og landskap er dermed viktige fellesgode for lokalsamfunna. Dei gjev kunnskap, oppleving og moglegheiter for bruk. Dei er òg ressursar for verdiskaping og god samfunnsutvikling. Kommunane er avgjerande for å ta vare på desse verdiane, ikkje minst gjennom arbeidet med plan- og bygningslova. God forvaltning krev kunnskap og oversikt over lokalhistoria og kulturminna.

Gjennom historia har det vore mest vanleg å verna monument og praktbygningar, som til dømes kyrkjebygg. I dag vert det lagt meir vekt på å bevara kulturmiljø og kulturminne knytt til vanlege menneske sitt liv og virke.

Bygningar og miljø me har kring oss i det daglege er det ikkje alltid me har medvit om. Men dersom dei forsvinn, ser me kanskje at dei hadde noko å seia for vår identitet og tilhørysle. Ein kulturminneplan hjelper oss å identifisera desse viktige identitetsskapande elementa i lokalsamfunna.



Figur 1: Den gamle Granviksbanen hadde skinnespor ut på brygga, slik at varer kunne lastas direkte ombord på skip. Foto: Anja Ø. Ryen, oktober 2020.

1.2. Bakgrunn for planarbeidet

1. januar 2020 slo Granvin herad og Voss kommune seg saman til Voss herad. Granvin herad hadde ein kulturminneplan som vart vedteken i 2016. Voss kommune sin plan gjekk fram til 2007, og det ligg føre vedtak frå Voss kommune om revisjon frå 2017. Rullering av planen låg i den kommunale planstrategien som gjekk fram til 2020.

Voss herad er ei stolt kulturygd der kulturarven er ein viktig del av identiteten til mange vossingar. Dette har ein teke med i Kommuneplanen, der ein innleiingsvis skriv at «Voss er ei kulturygd – der tradisjon og utvikling går hand i hand». Det er viktig for Voss herad å ha ein oppdatert og samlande kulturminneplan.

Hordaland fylkeskomme skisserte fylgjande utfordringar for kulturminnevernet i Hordaland. Regionen er nå blitt Vestland, men utfordringane er dei same:

1. Høge tap av kulturminne i kommunane.
2. Kulturminnevern er lite tydeleg som fag og politikkområde i kommunane.
3. Manglande kulturminneplanar i mange kommunar.
4. Manglande tilgang til digitale register over kulturminne i alle kommunar.

Voss herad har motteke til saman 300 000 frå Vestland fylkeskommune og Riksantikvaren for å utarbeide ein ny kulturminneplan.

Vestland fylkeskommune seier på si heimeside:

«Vestland fylkeskommune er i dag delegert kulturminnemynde både for automatisk freda kulturminne og kulturminne av nasjonal verdi. Målet for kulturminnevernet er at omsyn til dei ulike kulturminneverdiane på best måte skal sikrast gjennom lokal og regional arealplanlegging og skal utgjere eit viktig grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling.

Kulturminneverdiane bør vere del av planprosessane så tidleg som råd for å unngå konfliktar. Ein bør så tidleg som råd nytte seg av tilgjengeleg informasjon om eksisterande kulturminne, og analysere kva føremål og tiltak som kan kome i konflikt med eksisterande kulturminne.

Kulturminne må sikrast i plan gjennom omsynssoner. Omsynssoner kan vise område der vidare planlegging må ta særleg omsyn til kulturmiljøet. Freda kulturminne skal visast som bandlagt areal i omsynssone d og nyare tids kulturminne må få omsynssone c, jf. pbl § 11-8, bokstav c og d. Det er viktig å knyte gode arealføremål, føresegner og gode retningslinjer til omsynssonene, jf. pbl §§ 12-5 og 12-7.»

1.3. Plantype

Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø er heimla i plan- og bygningslova. Jamfør § 11-1 kan det utarbeidast kommunedelplanar for bestemte tema, geografiske område, eller verksemdsområde.

Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø er ein tematisk plan, og knyt seg til eit geografisk område. Planen tek vare på kommunale, regionale og nasjonale interesser og mål, til forvaltning av kulturminne og kulturmiljø.

Ved utarbeiding av kommunedelplanar gjeld dei utredningskrav og prosessreglar som er fastsette i plan- og bygningslova. Jamfør § 4-1 skal det utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet.

Planprogrammet skal gjera greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar, deltakarar, opplegget for medverknad og behov for utgreiingar. Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn, samstundes med varsel om oppstart og kunngjering av planarbeidet.

Formålet med planprogrammet er å presentera ei oversikt over og ei ramme for det komande planarbeidet, samt å skapa grunnlag for involvering på eit tidleg stadium.

Den ferdige kommunedelplanen for kulturminne og kulturmiljø vil innehalda eit juridisk bindande plankart med omsynssoner for kulturminne og kulturmiljø, tilhøyrande føresegner og retningslinjer, handlingsplan for kulturminne og kulturmiljø, og ein rapport som fortel om dei utvalde kulturminna. Kulturminneplanen vil vera juridisk bindande og retningsgjevande for seinare planarbeid på alle nivå i heradet, for offentleg og privat reguleringsplanarbeid, og for handsaming av byggjesaker.

2. Føringar

2.1. Nasjonale føringar og lovgrunnlag

- **Kulturminnelova** (1978)
- **Plan- og bygningslova** (2008)
- **Verdsarvkonvensjonen, konvensjonen for vern av verdens kultur- og naturarv** (1972)
- **Statlege planretningsliner SPR, Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, berekraftig areal- og samfunnsutvikling: Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar** (2015)
- Riksantikvaren sine veileiarar «**kulturminne i kommunar**» og «**Handbok for lokal registrering**» (begge revidert 2013).
- I **Riksantikvaren sin strategi for arbeid med kulturarv i kommunane** (2019-2022) skriv Riksantikvar Hanne Geiran.

«Klimaendringene er vår tids største utfordring. Det er betydelige klimagevinster i gjenbruk av eksisterende bygninger og anlegg. Et hus som er bygget har allerede tatt klimabelastningen, og ny bruk av gamle bygninger bidrar til å redusere klimagassutslippene og gir mindre avfall. Bevisstgjøring av eiere og forvaltning når det gjelder bruk, gjenbruk og transformasjon av verneverdige bygninger i et klimaperspektiv, er stikkord i det grønne skiftet.»

Voss herad skal ta sitt ansvar for ei berekraftig utvikling, og den nyleg vedtekne kommuneplanen byggjar på FN sine mål for ei berekraftig utvikling. Kulturminnearbeidet i heradet skal byggja opp under desse måla.

- **St.melding nr. 16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, berekraft og mangfold**
Kulturmiljø er eit felles gode og ein viktig samfunnsressurs som kan bidra til både miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. Meldinga presenterer tre nye nasjonale mål i kulturmiljøpolitikken, med vekt på engasjement, berekraft og mangfold. Med denne meldinga innfører regjeringa omgrepene «kulturmiljø» som samlebetegnelse. Omgrepet understrekar betydninga av heilskap og samanheng, samstundes som det gjer tilknytninga til den øvrige klima- og miljøpolitikken tydelegare. Meldinga beskriv status, utfordringar, kva som kan gjerast og tiltak i kulturmiljøpolitikken. Blant anna vil regjeringa utarbeida ein ny kulturmiljølov og strukturera og samordna bevaringsarbeidet slik at de tre nasjonale måla nås.
- **Stortingsmelding nr. 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste**
Dei nasjonale miljømåla på kulturminnefeltet slår fast at tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast, jf. Miljømål 2.1.
- **Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging:**
Kommunane registrerer og verdiset dei kulturminna og kulturmiljøa som har lokal verdi, og innarbeider desse i planar etter plan- og bygningslova. Omsyn til tradisjonell bruk, kulturmiljø, estetikk, tilgjengelegheit og universell utforming leggast til grunn i planlegging av omgivnader og busetnad. Kulturminne og kulturmiljø vert aktivt teke i bruk som ressursar i by- og tettstadsutviklinga.

2.2. Verdsarv, vestnorske fjordlandskap

Vestnorsk fjordlandskap vart i 2005 innskrive på UNESCO si verdsarvliste. Verdsarvområdet består av to delområde; Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet.

Innanfor naturvitkappen vert dei to fjordområda rekna som klassiske døme på denne typen landskap. Med store høgdeskilnader og kort veg mellom sjø og høgfjell er naturmangfaldet stort. Begge delområda er utan større tekniske inngrep. Dei naturlege geologiske prosessane knytt til danning og utvikling av fjordar er ikkje påverka av menneskeleg aktivitet.

Samla har områda kvalitetar som gjer at dei er oppførte på UNESCO si liste over verdas kultur- og naturarv, etter å ha oppfylt to av dei naturfaglege kriteria i konvensjonen. I grunngjevinga for innskrivinga uttala komiteen: «Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vera typelokalitet for fjordlandskapa i verda. Storleiken og kvaliteten på desse fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerkjer seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Områda syner alle element av landformar knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda» (norgesverdensarv.no).

Området i Voss herad som er inkludert i verdsarvområdet, omfattar ein del av eit landskapsvernombord nordaust i heradet.

Nærøyfjorden landskapsvernombord

Nærøyfjorden landskapsvernombord ligg i kommunane Voss, Aurland og Vik i Vestland fylke. Landskapsvernombordet rundt Nærøyfjorden har eit areal på 578 km². Området er verna for å ta vare på eit vakkert natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell som er forma av isbreen. I området finns slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne som er skapt gjennom aktiv landbruksdrift. Området vert forvalta av Nærøyfjorden verneområdestyre. Fresvikbreen ligg nordvest i verneområdet. Området vart oppført på Unescos verdsarvliste som del av Vestnorsk fjordlandskap i 2005.



Figur 2: Stalheimskleiva i Voss herad er ein del av verdsarvområdet Vestnorske fjordlandskap. Foto: Anja Ø. Ryen, oktober 2020.

2.3. Regionale mål og føringar

Regional plan for Hordaland 2015-2025

1.1.2020 slo Hordaland og Sogn og fjordane seg saman til Vestland fylkeskommune. Begge dei gamle fylkeskommunane hadde kulturplanar. Desse planane og strategiane gjeld i det geografiske området dei er vedtekne i, fram til ny regional plan for kultur i Vestland er vedteke.

I Hordaland fylke sin kulturplan finst ni særskilte mål for arbeidet med kulturminnevern og museum:

1. Styrka dokumentasjon for auka kunnskap om kulturminne og samanhengen dei er del av.
2. Museumsloftet skal styrka musea og vidareutvikle gjeldande satsingar. Musea skal utviklast som sterke kunnskapssentrum og organisasjoner, og vera profilerte samfunnssaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.
3. Kulturminne og kulturlandskap som ressurs til kunnskap, opplevelingar og bruk, skal lyftast fram.
4. Kulturminnekategoriar der Hordaland merkar seg ut, skal gjevast særskild merksem i planperioden.
5. Forvaltinga av verdsarven i Hordaland skal ha lokal, regional og nasjonal forankring.
6. Kartlegging, sikring og bevaring er grunnlag for berekraftig forvalting av verdsarven, og tilrettelegging for verdiskaping og samfunnsutvikling.
7. Det lokale kulturminnevern- og museumsarbeidet skal styrkast.
8. Kulturminnevernet skal spegla nasjonal kulturminnepolitikk og finne gode, tilpassa løysingar på regionale og lokale utfordringar.
9. Tradisjonsuttrykka skal bevarast og vidareutviklast og vera del av eit levande kulturliv.

Den regionale kulturplanen viser til stortingsmelding 35 *Framtid med fotfeste* og dei nasjonale resultatmåla om at innan 2020 skal tap av kulturminne frå nyare tid og arkeologi minkast, eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø fredast, og freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehald. Knytt til Regional plan for kultur 2015 – 2025 har fylkeskommunen utarbeidd eit handlingsprogram gjeldande frå 2015 – 2018.

2.4. Kommunale mål og føringar

Kommuneplan for Voss herad, Kommuneplanens arealdel (2020-2032)

Stortinget vedtok 8. juni 2017 å slå saman kommunane Voss og Granvin. Arbeidet med å etablere ei ny kommune starta sommaren 2017 – med mål om å etablera nye Voss herad 1.1.2020. I april 2018 vart krinsane Djønno og Tjoflot i Ullensvang herad ein del av det nye heradet gjennom ei grensejustering. Det nye heradet har 15.678 innbyggjarar (pr. 2. kvartal 2019), og med eit samla areal på 2100 km² vert Voss den nest største kommunen i fylket. Fellesnemnda for det nye heradet bestemte i 2017 at det skulle utarbeidast ein kommuneplan for Voss herad. Arbeidet med dette starta 1.11.2017. Kommuneplanen sin arealdel syner noverande og framtidig arealbruk i kommunen, og er saman med føresegnene rettsleg bindande, jf. pbl. § 11-6. Det er i tillegg utarbeidd diverse retningslinjer som er retningsgjevande for sakshandsaminga i kommunen.

DIVE-analyse – Kulturhistorisk stedsanalyse - for Vossevangen, 2018

Voss kommune starta i august 2017 arbeidet med ny sentrumsplan; Områdereguleringsplan for Vossavangen. Som grunnlag for planarbeidet ynskja kommunen å gjennomføra ei kulturhistorisk stedsanalyse (DIVE). Analysa leggast til grunn for videre arbeid med utvikling av sentrum, og skal danna grunnlag for diskusjonar om fortetting og eventuell mogleg transformasjon i delområde i sentrum framover.

Kulturminneplan Granvin herad, 2016 og Kulturminneplan Voss kommune, 2004-2007

Både gamle Voss kommune og Granvin herad har eksisterande kulturminneplanar. Dette er dokument som gjev eit godt grunnlag for å laga eit samla, oppdatert og revidert dokument for Voss herad.

3. Formål, Kulturminneplan for Voss

Hovudformålet med ein kulturminneplan er å auka kunnskapen om lokale kulturminne, og å gje eit godt grunnlag for ei heilskapleg framtidig kulturminneforvaltning.

Ein kulturminneplan kan òg vera eit godt reiskap for å formidla verdien av kulturminne, og auka kunnskapen om vår historie og utvikling.

Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø for Voss herad har mål om å:

- Samla informasjon, kartlegga og vurdera ulike kulturminne i heradet.
- Tydeleggjera kulturminne som ein ressurs i ei berekraftig samfunnsutvikling. Bidra til at den fysiske kulturarven vert forstått og brukt som premiss og ressurs for framtidig bruk og utvikling av landskap, areal, bygningar og anlegg.
- Auka medvitet om kulturminne som identitetsskaparar.
- Synleggjera og nytta kunnskap om kulturarv i samanheng med reiseliv og anna næringsaktivitet.
- Synleggjera verdien av lokale kulturminne, og auka kunnskapen om korleis dei kan forvaltast, både av offentlege og private.
- Prioritera kvar ein skal bruka ressursar på vern.

Med eit pedagogisk opplegg er kulturminne attraktive mål i undervisning, både i skule og barnehage. Det gir barn ei større forståing for historia dei er ein del av, og det gir auka kunnskap i lokalsamfunnet. Barn kan òg vera formidlarar. Dei kan ta med seg familien til stader dei har besøkt med skulen, og fortelje om kva dei har lært. Slik aukar interessa for og kunnskapen om omgjevnadene våre.



Figur 3: Området som i dag utgjer Voss herad, inneheld eit vidt spekter av element; kulturminne som fortel om korleis mennesker har levd og livberga seg her. På dette biletet ser me Voss mylna med elva Vosso, demning, bru og nyare busetnad. Foto: Anja Ø. Ryen, oktober 2020.

4. Forslag hovudstruktur

Det er mange tema innan kulturminnevern som ein kan trekka fram og belysa i ein kulturminneplan. Det er behov for å avgrensa arbeidet og val av tema, og ved seinare rullering av planen kan det vera naturleg å trekka fram andre tema. For kvart av dei ulike tema er det særleg to fokusområde ein må ha; formidling og oppleving av kulturminna, og vern gjennom bruk.

For å velje tema i denne første samla kulturminneplanen for det nye heradet Voss, har me hatt fokus på kva historier me ynskjer å fortelja som beskriv heile heradets historie og variasjon. Å sjå ulikheiter og samanhengar er spennande i seg sjølv.

Arbeidsgruppa føreslår følgjande tema for arbeidet med kulturminneplan for Voss:

- Arkeologiske kulturminne
- Immateriell kulturarv
- Landbrukets kulturminne.
- Tekniske og industrielle kulturminne
- Bygningar og bygningsmiljø
- Møtestadar og offentleg verksemelding
- Vossevangen
- Samferdsle
- Reiseliv og turisme
- Idrett
- Forsvar og krigsminne



Figur 4: Utmarksłøe. Foto: Anja Ø. Ryen, oktober 2020.

5. Organisering, medverknad og framdrift

5.1. Medverknad og samarbeid

Regelverket for planlegging etter plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutredning sikrar betydeleg openheit og medverknad i planprosessen. Planen fylgjer plan- og bygningslovas prosessreglar som sikrar medverknad.

I planprosessen for kulturminneplan vert det lagt opp til ein god medverknadsprosess der alle interesserte og aktuelle partar skal ha moglegheit til å koma med innspel. Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogrammet er fyrste anledning til å koma med innspel til planens tema og innhald. Alle kan koma med innspel.

Som del av planprosessen vil det òg arrangerast medverknadsmøter og ope folkemøte.

Når det føreligg eit planforslag, vil også dette leggast ut på høyring, og det vil igjen vera moglegheit til å kome med innspel og meiningar om forslaget for alle.

5.2. Organisering av arbeidet

Oppdragsgjevar/prosjekteigar: Trude Letnes, Kommunalsjef Kultur og fritid.

Prosjektleiar: Anne Arneberg, kulturminnekonsulent, Voss herad.

Prosjektgruppe: Trude Letnes (prosjektansvarleg og kommunalsjef for kultur og næring), Anne Arneberg (kulturminnekonsulent Voss herad), Anja Ø. Ryen (prosjektleiar).

Arbeidsgruppe: Anne Arneberg (Voss herad, kultur), Trude Letnes (Voss herad, kultur), Silje Solstad (Voss herad, kultur), Signe Stoll (Voss herad, planavdelinga), Styrkaar Ringheim-Hustveit, (Voss herad, byggesak), Kari Mostad (Voss herad, næringsavdelinga), Anja Ø. Ryen (Feste Nordøst as), Helge Bakke (Feste Nordøst as).

Referansegruppe: Representantar frå Voss Sogelag, Vossvøri sogelag, Vossestrand sogelag, Granvin sogelag, Voss folkemuseum, Voss kulturråd, Ole Bull Akademiet, Vestnorsk kulturakademi, Venelaget Granvin bygdatun.

5.3. FRAMDRIFT

Framdrift	Dato	Vedtaksmynne
Oppstartsmøte	Oktober 2020	
Utarbeiding, utsending og høyring av planprogram	Oktober – november 2020	
Kunngjering av planarbeid og høyring av planprogram	9.desember 2020	Utval for kultur og næring
Merknadsbehandling av planprogram og varsel om oppstart	Januar 2021	
Fastsetting av planprogram	9.mars 2021	Utval for kultur og næring
	11.mars 2021	Formannskap
Statuskartlegging, innsamling, registreringar og strukturering av materiale	Oktober 2020 – mars 2021	
Verdsetting av kulturminne, utveljing og tiltak i handlingsplan	Feb. 2021 – Feb. 2021	
Utarbeiding av rapport og plandokument	Feb. 2021 – Juli 2021	
Ope folkemøte	Juni 2021	
Orientering om planarbeidet i heradsstyret	Juni 2021	
Fyrstegongsbehandling	24. august 2021	Utval for kultur og næring
Høyring av planforslag	September -oktober 2021	
Merknadsbehandling og ev. revidering etter høyring	Oktober 2021	
Sluttbehandling og vedtak	9.november 2021	Utval for kultur og næring
	11.november 2021	Formannskap
	18.november 2021	Heradsstyret